



New York-stemmene

New York Voices går inn i den amerikanske vokaltidstradisjonen vi kan føre på den musikalske slektstavla til The Hi-Lo's, Singers Unlimited, Manhattan Transfer og kan hende Take Six. Mens Lambert, Hendricks & Ross var røffare i stilen. Risikoen er at dei tette harmoniane og hårfine arrangementa blir for sofistikerte, tenkjer eg mens eg lyttar meg gjennom det eine lytefrie sporet etter det andre, med instrumentalistar attåt. Jazz på søndag møtte New York-stemmene under jazzfestivalen i Oslo, der dei mellom anna var i samsong med The Brazz Brothers. Etter sju års cd-pause kjem det sjettemte albumet «A Day Like This» (MCG/MUDI), og vi kan melde at dei opnar med ein sprekk versjon av «Darn That Dream» og fraserer seg gjennom 14 songar som er like elegant arrangert heile vegen. Darmon Meader er også saksofonist, og med Kim Nazarian, Lauren Kinhan og Peter Eldridge smyg New York Voices seg inn i øyregangane, til stort velbehag.



Holly Cole!

Holly Cole er den allsidige kanadiske vokalist med den djupe, litt håse stemma med jazz i botnen, som dukka opp på nittitalet med ein serie groovy plater. Etter eit dusin av dei er ho still going strong, og «Holly Cole» (Alert/Musikklosen) er Cole på sitt beste, med eit utsøkt knippe mest kjende songar i stilige arrangement, med Marty Ehrlich (saksofon), Greg Cohen (bass) og Gil Goldstein (piano) blant musikanane.



Fire vise menn på veg heim til jul, f.v. Øyvind Brække, Mats Eilertsen, Per Oddvar Johansen og Trygve Seim i The Source.

FOTO: ANONYM BEDUIN/GRAPPA

Fire vise menn til jul

Enno er det ei stund til julekvelden, men fire vise menn og følgjet deira kjem ridande med julegåva mange har venta på: «The Source of Christmas» på plate.



ROALD HELGHEIM

JAZZ PÅ SØNDAG

Julekonserten til The Source hadde vore ein tradisjon i ti år då Trygve Seim, Øyvind Brække, Mats Eilertsen og Per Oddvar Johansen markerte jubileet på Cosmopolite i 2005 med den mest overdådige så langt.

Jan Erik Kongshaug var på plass med opp-taksutstyret, og resultatet er nær to og ein halv time live frå ein konsert som vart spela i eitt strekk, og eg hugsar eg tenkte på Kongelig Norske Marines Musikkorps som sat stand by konserten gjennom på ei opphøgd scene som det verka uråd å ta pausar frå på naturens vegner.

Med Cairo Orchestra og tallause gjestemusikantar av alle slags etnisk opphav fekk vi norske julesongar som «Jeg gikk med over sjø og land», «På låven sitter nissen med sin julegrøt» og andre klassikarar i orientalsk tonedrakt. Her er Øyvind Brækkes spesielle trombone-

versjon av «O helga natt», Anne-Lise Berntsen og Tora Augestad er blant stjernesongarane, Lars Klevstrand, Jarle Bernhoft, Marvin Charles og ein bråte med gjestemusikantar passerer under stolen til Christian Eggen, som i tillegg til å dirigere det nedleggingstrua marinemusikkorpsset, har eit slags musikalsk overoppsyn saman med The Source, der trommeslagar Johansen har stemt trommene til ein eigen versjon av «Du grønne glitrende tre». Julesongar blir framført på kva målføre som helst, mens amerikanske klassikarar som Mel Tormes «Christmas Song» også er med. Om stemninga frå ein slik gigantkonsert som fyller 24 CD-spor er ei utfordring å gjenskape, blir det uansett nye live-sjansar i desember, på Cosmopolite den 14. og 15. Og sjølv lar eg meg stadig imponere av dette marinekorpsset, som verkeleg set ein standard, heile vegen.

MAT FOR ALLE

Etter å ha slanka seg til ein duo, er bandet Food framleis blant oss. Norsk-britisk er det også med saksofonist Iain Bellamy og trommeslagar Thomas Strønen, som begge var med då bandet vart til under Moldefestivalen i 1998. Bellamy var invitert til å spele med Strønen, Arve Henriksen og Mats Eilertsen, og albumet «Food» var starten på ein gastronomisk katalog som heldt fram med «Organic and GM Food», «Veggie» og «Late Supper».

Til desse albuma skreiv Strønen det meste av musikken, mens den akustiske Food-duoen på sitt første album «Molecular Gastronomy» gjev seg rein improvisasjon i vald, på fem av spora forsterka med Maria Kannegaard på Fender Rhodes. Ashley Slater trør til på key-

board og andre effektar, og som vanleg held Rune Grammfon seg med eit kunstferdig og minimalistisk CD-omslag som Hallgrim Berg ein gong hissa seg så opp over. Der står det du treng til den molekylær-gastronomiske nyttinga. Den femte retten frå det kosmiske Food-kjøkenet er servert, og smaksløkane gler seg.

HEFTES PROSJEKT

I fjor jubilerer ho med bravur som 50-åring med å gje ut «On The Corner», det fjerde albumet i katalogen til Hilde Hefte, med dei same musikanane som ho debuterte nesten sensasjonelt med. Ambisjonane er ikkje mindre når vokalist og plateutgjevaren kjem med albumet «An Evening In Prague», innspela med ikkje mindre enn Praha-filharmonien under leiing av dirigent Mario Klemens.

Jazz med strykarar og/eller fullt orkester er eit utfordrande format med sterke tradisjonar ikkje minst i jazzens heimland, men arrangementa er i dei beste hender hos Egil Kapstad, pianisten og den faste medspelaren saman med Nisse Sandström (saksofon), Bjørn Alterhaug (bass) og Eyvind Wahlen (trommer). Og frå «Close Enough For Love» til «If You Could See Me Now» står Hilde Hefte verkeleg løpet ut med sitt dristigaste prosjekt så langt. Det er eit fint utval songar, der ikkje minst «Answer Me» har fått ei ny blomstring, etter at også Joni Mitchell brukte han på sitt store orkester-album «Both Sides Now». «An Evening In Prague» er lys og varme i mørketida.

rohelighe@online.no



The Source

«The Source of Christmas Live»
Grappa (Musikkoperatørene)



Food

«Molecular Gastronomy»
Rune Grammfon
(Musikkoperatørene)



Hilde Hefte

«An Evening In Prague»
Ponca Jazz Records
(Musikkoperatørene)